

Plan

Kostradokument nr. 10

Førebuande dokument til arbeidet med budsjettet for 2010

**Gjennomgang av funksjonar
under rammeområdet
Plan**

Plan - Budsjett pr. 1. tertial 2009

Funksjon/ Tenester	Tekst	Netto utg Rek- 07	Netto utg Rek-08	Brt. utg. 1T-09	Inntekt 1T-09	Fond 1T-09	Netto utg 1T- 09
30100	Plansaksbehandling - private reguleringsplanar	1 286	4 004	3 826	-706		3 120
30101	Plansaksbehandling - offentlege planer		34	1 974	-151		1 824
301	Plansaksbehandling	1 286	4 038	5 801	-857		4 944
30200	Byggje-, delings- og seksjoneringssaker	770	1 389	4 473	-3 931		543
302	Byggje-, delings- og seksjoneringssaker	770	1 389	4 473	-3 931		543
30300	Kart og delingsforretning	316	1 025	1 787	-1 028		759
30301	Oppmåling	108	123	155	-15		141
30302	Utvikling og vedlikehald av geodata	1 493	793	1 177	-128		1 049
303	Kart og oppmåling	1 917	1 940	3 119	-1 170		1 949
Plan		3 973	7 367	13 393	-5 958		7 435

Brutto utgift i 2009 er budsjettert til 13,4 mill. kr. og netto utgiftsramme på 7,4 mill. kr. Det utgjør 2,4 prosent av samla brutto utgifter i heradet.

Oversikt over rammeområdet Plan

Dette rammeområdet har 3 funksjonar og 7 aktive tenester.

Funksjonane er:

- 301 Plansaksbehandling
- 302 Byggje-, delings- og seksjoneringssaker
- 303 Kart og oppmåling

Funksjonane er delt på to avdelingar:

- Offentlege planar.
- Byggesak og private planar.

Rammeområde Plan – kommentarar til økonomi samla

Postar	R-07	R-08	B-09	Endring 2008/2009
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	6 262	8 153	9 249	13,4 %
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	4 661	5 677	6 570	15,7 %
Varer og tenester til eigenproduksjon	3 104	2 351	3 235	37,6 %
Tenester som erstattar eigenproduksjon	11	7		-100,0 %
Overføringar til andre	542	394	684	73,6 %
Finansutgifter	257	213	225	
Sum utgifter	10 176	11 118	13 393	20,5 %
Salsinntekter	-3 373	-2 574	-3 500	36,0 %
Overføringer med krav til motytelse	-870	-1 021	-958	-6,2 %
Overføringer utan krav til motytelse			-1 500	
Finansinntekter	-1 960	-156		-100,0 %
Sum inntekter	-6 203	-3 751	-5 958	58,8 %
Netto utgiftsramme	3 973	7 367	7 435	0,9 %
Sum løn i høve sum utgifter	61,5 %	73,3 %	69,1 %	

Kommentarar:

Planområdet har vore under omlegging og oppbygging i 2008 og 2009, difor er det mest rett å samanlikna desse åra.

Budsjettet for 2009 har ei brutto utgift på 13,4 mill. kr., dvs. ein auke på 20,5%. Inntektene auka frå 3,8 til 6,0 mill kr. dvs. 58,8%. Netto utgiftsramme auka berre med 0,9%.

Inntekter:

Salsinntekter:

Auka med 36% eller 0,9 mill kr. Auken gjeld 0,3 mill kr. Andre avgiftspliktige inntekter og 0,6 mill kr. auke i generelle gebyrinntekter.

Overføringa utan krav til motyting:

Dette gjeld inntekter frå fylket i samband med prosjekt; P71091Tettstadplan for Ålvik (1,5 mill kr)

Utgifter:

Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon):

Lønskostnadene er auka med 1,1 mill kr., eller 13,4%. Auke, ut over lønsauke, skuldast nye stillingar.

Varer og tenester til eigenproduksjon:

Kostnadene har auka med 0,9 mill kr. Kostnaden knytt til prosjekt P71091Tettstadplan for Ålvik (1,5 mill kr). Ut over det er generelle driftskostnader reduserte med 0,6 mill kr. (særleg kurs og anna konsulentkjøp).

KOSTRA – 2008

J. Fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø - nivå 2 (nokre utvalde nøkkeltal)	1238 Kvam	Gj.snitt gr 11	Gj.snitt landet
Prioritering			
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging, kulturminner, natur og nærmiljø i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter	2,81	1,09	1,36
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging per innbygger.	902	267	278
Plansaksbehandling (funksjon 301)			
Alder for kommuneplanens arealdel	2	5	5
Antall reguleringsplaner vedtatt av kommunestyret siste år	8	7	5
Produktivitet/enhetspris			
Brutto driftsutgifter til fysisk planlegging, kulturminnevern, natur og nærmiljø per innb.	1 538	756	849
Saksgebyret for privat forslag til reguleringsplan, jf. PBL §30.	38 330	19 994	20 752
Saksgebyret for oppføring av enebolig, jf. PBL §93 pkt. a.	8 471	6 840	6 619
Standardgebyr for kombinert kart- og delingsforetn., tilsvarende en boligtomt 750 m2.	10 180	10 751	10 254
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, vedtatte reguleringsplaner (kalenderdager)	343	249	226
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, byggesaker (kalenderdager)	33	34	34
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, kartforretning (kalenderdager)	33	94	88
Antall meldinger om tiltak mottatt siste år per 10 000 årsinnbygger i kommunen	85	96	71
Antall søknader om tiltak mottatt siste år per 10 000 årsinnbygger i kommunen	179	151	124
Dekningsgrad			
<i>Fysisk tilrettelegging og planlegging (funksjon 300)</i>			
Antall kommunale planer sendt på høring	6	9	7
Andel av disse som det er fremmet innsigelse til.	17	24	29

Kommentar til tabellen:

I gjennomsnitt behandles mindre reguleringsendringer på 45 dager og vanlige reguleringsplaner på mellom 7mnd og 1,5 år. Behandling av reguleringsplan for Hansvågen, som hadde ei sakshandsamingstid på 630 dager, drar opp talet for gjennomsnittleg saksbehandlingstid for reguleringsplaner.

Saksbehandlingsgebyret ligger i underkant av nivået i Lindås og Bergen kommune, og er tilpassa utgiftene kommunen har med behandling av kurante , private reguleringsplanar.

Funksjon 301 Plansaksbehandling

Funksjonen har 2 tenester;

30100 Plansaksbehandling – private reguleringsplanar

30101 Plansaksbehandling – offentlege planar

Postar	R-07	R-08	B-09	Endring 2007/2008	Endring 2008/2009
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	1 472	3 452	5 113	134 %	66 %
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	<i>1 114</i>	<i>2 288</i>	<i>3 777</i>	105 %	66 %
Varer og tenester til eigenproduksjon	1 903	1 114	512	-41 %	-39 %
Tenester som erstattar eigenproduksjon	5	0	0	-100 %	
Overføringer til andre	396	213	180	-46 %	104 %
Finansutgifter	31	18	0	-43 %	
Sum utgifter	3 808	4 796	5 805	26 %	7 %
Salsinntekter	-211	-150	-620	-29 %	365 %
Overføringer med krav til motytelse	-430	-453	-237	5 %	115 %
Overføringer uten krav til motytelse	0	0	0		
Finansinntekter	-1 880	-156	0	-92 %	-46 %
Sum inntekter	-2 521	-759	-857	-70 %	-4 %
Netto utgiftsramme	1 286	4 038	4 949	214 %	13 %
Sum løn i høve sum utgifter	38,7 %	72,0 %	88,1 %		

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 4,0 mill. kr. som er 2,7 mill. kr. meir enn i 2007, dvs. 214% meir.

Skilnaden mellom 2007 og 2008 skuldast:

- Lønn, auka med 2,0 mill. kr. eller 134%. Det skuldast at avdelingane vart omorganiserte og det vart oppretta nye stillingar.
- I 2007 vart ei rekkje prosjekt finansiert ved bruk av fond.

Prosjekt	Prosjekt (T)	2007	2008	Totalt
P15050	Reguleringsplan næringsareal Sandven	-22 576		-22 576
P15063	KU og plan for Hansvågen	-967 478	-122 830	-1 090 308
P15072	Kommunedelplan Kvamskogen, behandling	-290 346		-290 346
(tom)	(tom)	-600 000	0	-600 000
Totalt		-1 880 399	-122 830	-2 003 229

- I 2008 er fond nytta i liten grad

Budsjettet for 2009 har ei brutto utgift på 5,8 mill. kr. og ei netto utgiftsramme på 4,9 mill. kr. som er 0,9 mill. kr. meir enn tilsvarende rekneskapsmessige forbruket i 2008. Netto auke frå 2008 til 2009 er på 13%.

Teneste 30100 Plansaksbehandling - private reguleringsplanar

1. Økonomi

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon) <i>herav fast løn (konto 10100)</i>	1 472 <i>1 114</i>	3 452 <i>2 288</i>	3 825 <i>2 765</i>
Varer og tenester til egenproduksjon	1 903	1 046	-24
Tenester som erstattar eigenproduksjon	5		
Overføringar til andre	396	197	31
Finansutgifter	31	14	
Sum utgifter	3 808	4 709	3 831
Salsinntekter	-211	-150	-620
Overføringer med krav til motytelse	-430	-432	-86
Finansinntekter	-1 880	-123	
Sum inntekter	-2 521	-705	-706
Netto utgiftsramme	1 286	4 004	3 125
Sum løn i høve sum utgifter	38,7 %	73,3 %	99,8 %

(Sjå tabellen over for heile funksjonen.)

2. Aktivitet

Heradsstyret /nærings,- plan og bygningsutvalet godkjende i 2008 følgjande private reguleringsplanar/ -endringar;

- Reguleringsplan for del av gnr 11 bnr 10, Trygge barnehagar, Norheimsund.
- Regulering for del av gnr 18 bnr 1, Eikedalen hyttefelt, Kvamskogen.
- Reguleringsplan for gnr 114, bnr. 58, 64, 65 Fosse leiligheiter/bustader, Strandebarm
- Reguleringsendring for del av gnr 19 bnr 17 m.fl., Kvinnhovden, Kvamskogen.
- Reguleringsendring i Hegrehaugen, Vikøy
- Endring av reguleringsplan for del av gnr 109 bnr 2, Øvre Haukås i Strandebarm
- Søknad om mindre vesentleg endring av reguleringsplan for del av gnr 11 og gnr 12. Næringsområde Sandvenhagen - Mo.

Næring, plan og bygningsutvalet godkjende i 2008 oppstart av følgjande private reguleringsplanforslag;

- Reguleringsplan for gnr 95 bnr 7 og 36 , Hardingsete, Ljonestangen
- Søknad om oppstart reguleringsplan for del av gnr 121 og bnr 140, gjeste - og småbåthamn og opplærings- og treningscenter for sjøsport ved Tangeråsneset i Strandebarm
- Reguleringsplan for småbåthamn del av gnr 87 Skutevik - Fredsvik, Tørvikbygd 1. gongs handsaming
- Søknad om oppstart reguleringsplan for Allhovden, gnr 19 bnr 686 m.fl., Kvamskogen

- Søknad om oppstart reguleringsplan for del av gnr 11 bnr 5 m.fl., område mellom Rv7 og Movatnet i Norheimsund.
- Søknad om oppstart av endra regulering til industriføremål for gnr 43, bnr 5, 214 og 215 - Grustaket i Vik, Øystese.

Dispensasjonar:

I 2008 behandla FSK/NPB-utvala 62 søknader om dispensasjon , som i hovudsak galdt dispensasjon frå gjeldande plan (kommuneplan og eller reguleringsplan). Av desse galdt 9 saker dispensasjon frå § 17-2 i pb-lova, som gjeld forbod mot tiltak i strandsonen (100 beltet). Fylkesmannen har påklaga 2 av FSK/NPB utvala sine vedtak om å gje dispensasjon til frådeling av tomt frå i 100 m beltet. Fylkesmannen har fått medhald i ei av klagene.

Handsaming av søknad om dispensasjon frå gjeldande plan (reguleringsplan, kommunedelplan) er ikkje underlagt lovfesta fristregime. Behandlingstida i Kvam er ca 5- 6 månader.

3. Endring av aktivitetar

Private reguleringsplanar

Ny plandel med nye hovudføremål og hensynssoner samt nytt fristregime vil endre planprosessen rundt private planar i noko grad.

Opplæring internt og eksternt vil knyttes til ny plandel av plan og bygningslova. Antatt behov ca 50 000 kr.

Planprogrammet **sep-09** ein peikepinn på kva private reguleringsplanar som vil kome til handsaming i 2010. Dersom kommunedelplanen for Kvamskogen vert godkjent i 2010, forventar ein mange nye hyttereguleringsplanar.

Planarkiv, planregister, digitale planregister:

Planinformasjon tilgjengeleg på nett vil effektivisere plan og byggesaksarbeidet vesentleg og må prioriterast fremst blant oppgåvene for å effektivisere plan og byggesaksarbeidet.

Plan og kartforskrift av 2009 krev at kommunane har planarkiv (arkivlova), planregister (oversikt over alle planar) eit digitalt planregister (kopi av alle godkjende planar på SOSI format). Planregisteret skal halde ein oversikt over alle reguleringsplanar, reguleringsendringer, dispensasjonar og byggeforbud m.m.

Kvam herad har planarkiv og eit nesten komplett planregister, men må etablere eit digitalt planregister i 2010. Anntatt behov for om lag 100 000 kr for å fullfører denne oppgåva i 2010.

Digitalt planregisteret vil vere tilgjengeleg via webinnsyn og INFOland og kompatibelt med matrikkelen. Kvam herad må ha fokus på kontroll og distribusjon av digitale reguleringsplanar.

Planprogram:

Planprogrammet (utskrift av planregisteret) vil bli lagt oftare fram for nærings-, plan og bygingsutvalet, og til kvart møte om ynskjeleg.

Gebyrreglementet:

Tilpasse gebyrregulativet til endringane i ny plandel og evt ny bygningsdel av pb-lova. Fokus på om gebyrreglementet for denne funksjonen tilfredsstiller sjølvkostprinsippet. Differensiere plangebyret mellom små og mindre reguleringsendringar. Gebyr for slike reguleringsendringar vil ligge lågare enn vesentlege dispensasjonar.

Planforum:

Fokus på involvering av tverrfagleg samarbeid og aktiv medverknad frå borna sin representant.

Dispensasjonar:

Differensiere gebyrregulativet mellom kurante og vesentlege dispensasjonssøknader, jmf Kvam herad sitt nye delegeringsreglement.

Raskare handsaming av kurante dispensasjonssaker, som ikkje krev politisk handsaming.

Endring i pb-lova i 2009 vil endre sakshandsamingsrutinane i noko grad.

Dispensasjonsvedtak må registrerast i planregisteret.

Teneste 30101 Plansaksbehandling – offentlege planar

1. Økonomi

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon) <i>herav fast løn (konto 10100)</i>			1 288 1 012
Varer og tenester til eigenproduksjon		8	536
Overføringar til andre		1	150
Sum utgifter		9	1 974
Overføringer med krav til motytelse		-1	-151
Sum inntekter		-1	-151
Netto utgiftsramme		8	1 824
Sum løn i høve sum utgifter			65,3 %

(Sjå tabellen over for heile funksjonen.)

2. Aktivitet

Viser her til innleiinga under teneste 30100 om lovpålagte arbeidsoppgåver og endringar etter plan- og bygningslova frå 01.07.2009.

Aktiviteten skal etter målsetjinga med offentlege planar, endrast til meir eigenplanlegging, og mindre kjøp og bruk av eksterne konsulentar. Endringa skal føra til reduserte kostnader og det kan føre til at færre planar vert endeleg handsama og godkjente.

I 2009 har mykje av aktiviteten vore finansiert via prosjekt, jmf barnehage i Tørvikbygd, og ikkje igjennom det ordinere driftsbudsjettet. Dette gjeld også reguleringsplanar i samband med Kvammapakken, kompensasjonsmidlar til reguleringsplan for tettstadsutvikling i Ålvik og midlar via Ålvik vekst til Kåskjer.

3. Endring av aktivitetar

Plandelen av den nye plan og bygningslova vart sett i verk frå 01.07.2009.

Lova set konkrete krav til kommunane som planmynde. Kommunen skal fremma berekraftig utvikling og bidra til samordning av statlege, regionale og kommunale oppgåver.

Kommunen skal og setje mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i kommunen. Ansvar for den overordna planlegginga er lagt til heradsstyret.

Heradsstyret skal vedta kommunal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan.

Kommunal planstrategi skal leggjast fram ei gong i kvar heradsstyreperiode og seinast eit år etter konstituering. I tillegg er det mellom anna lovpålagt med oppdatert offentlig kartgrunnlag og kommunalt planregister som gjev opplysningar om gjeldande arealplanar.

Ny plan og bygningslov er meir strategisk oppbygd enn føregåande lov og det er ei sterkare binding mellom overordna plan, og plan på lågare nivå. Aktiviteten på plansida bør difor ha

fokus på rullering av overordna plan og meir målretta planlegging, der nye utbyggingsområde skal gjennomførast innafor gjeldande planhorisont.

Offentlege planar:

Offentlege planar har pr dags dato to årsverk. Framdrifta på reguleringsplanarbeid og aktiviteten i 2010 vil mellom anna vera påverka av innspel og merknader til planane som ligg ute til høyring og offentlig ettersyn fram til september/oktober 2009.

Planar som vert avslutta i slutten av 2009 eller i byrjinga av 2010;

Offentlege planar - reguleringsplanar

- **Reguleringsplan for Rv 049 Vikøy – Norheimsund**
- **Regulering Riksveg 7 frå Torget til Tyrvefjora - Ålvik sentrum**
- **Regulering til ny barnehage for del av gnr. 87 bnr. 7 m.fl., Fredsvik, Tørvikbygd.**
- **Reguleringsplan for del av Rv 049 Odland - Lidarende i Vikøy**

Offentlege planar - kommunedelplanar

- **Kommunedelplan for Kvamskogen**

Private planar med offentlig medverknad og offentlege interesser

- **Reguleringsplan for Laupsa, gnr 51 bnr 2 m.fl**
- **Reguleringsplan for nedsida av riksvegen mellom Øysteseelva og til og med Øystese kaien, samt utanforliggjande sjøområde.**
- **Reguleringsplan for flytting av skiskyttararena på Sjusete**

Offentlege reguleringsplanar under arbeid i 2010

- **Reguleringsplan for RV 7 Steinstøberget**
- **Reguleringsplan for RV 7 Øystese - Laupsa/Skarpasvingen**
- **Reguleringsplan for ny rundkøyring ved Øystese mekaniske verkstad**
- **Reguleringsplan for RV 7 frå Nes til Skipadalen**
- **Reguleringsplan for RV 49 – Lingaparsellen**
- **Reguleringsplan for området Straumbrua - småbåthamna på Tolo i Norheimsund**
- **Reguleringsplan for nytt leikeområde i Mundheim**
- **Reguleringsplan for ny skytebane i Vangdalsåsen**
- **Reguleringsplan og konsekvensutgreiing for Kåskjer, gnr. 77, bnr 1**

Reguleringsplanar med oppstart i 2010

- **Regulering til friområde - Småholmane på Oma**

Offentlege reguleringsplanar - som ikkje har vore prioritert

- **Reguleringsplan for Nanes (planen oppheva etter klage)**
- **Reguleringsplan for ny gravplass i Øystese/Norheimsund**

Aktiviteten på offentlege planar er prega av mange planar utan at det er ei klar prioritering mellom desse. Ei betre prioritering ville ha gjort sitt til ei raskare framdrift på einskildplanar.

Ny plan- og bygningslov, ”pressar fram” rullering av kommuneplanen. Den nye lova krev ei sterkare samhandling mellom overordna plan og planar, og einskildsaker på eit lågare nivå. Med rullering av ny kommuneplan, bør aktiviteten dreia til ei meir overordna planlegging, med fokus på strategiske val, enn gjennomføring av einskildplanar. Aktiviteten bør verta meir heilskapleg, der tekstdel og arealdel legg dei same måla for samfunnsutviklinga i kommunen.

Funksjon 302 Byggje-, delings- og seksjoneringsaker

Funksjonen har 1 teneste:

Teneste 30200 Byggje-, delings- og seksjoneringsaker

1. Økonomi

østar	R-07	R-08	B-09	Endring 2008/2009
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	2 656	2 677	2 286	-14,6 %
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	<i>1 954</i>	<i>1 991</i>	<i>1 473</i>	<i>-26,0 %</i>
Varer og tenester til eigenproduksjon	345	523	297	-43,2 %
Overføringer til andre	50	119	16	-86,7 %
Finansutgifter	0	0	0	
Sum utgifter	3 051	3 319	2 598	-21,7 %
Salsinntekter	-2 231	-1 631	-2 000	22,6 %
Overføringer med krav til motytelse	-50	-299	-56	-81,3 %
Sum inntekter	-2 281	-1 930	-2 056	6,5 %
Netto utgiftsramme	770	1 389	543	-60,9 %
Sum løn i høve sum utgifter	87,1 %	80,7 %	88,0 %	

(Sjå tabellen over for heile funksjonen.)

2. Aktivitet

Byggesaker.

Det kom inn 354 nye byggjesaker i 2008. Rådmannen handsama 206 byggjesaker på fullmakt. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid er 38 dagar derav 17 dagar går med til å vente på manglande dokumentasjon frå søkjar.

	Søknad om løyve til tiltak	Søknad om endre løyve til tiltak	Søknad om rammeløyve	Søknad om igangsettingsløyve	Søknad om tilkobling til VA	Søknad om utsleppsløyve
Sum	84	18	14	20	46	9
Godkjent						
Avslått						

Totalt vart det klaga på om lag 15 vedtak, som fordeler seg slik;

	Tiltak	Utsleppsløyve	Avslag/avvis	Stoppordre, retting	Anna
Sum	10	1	2	1	1

3 klager er ikkje behandla. 7 klager vart ikkje tatt til følgje av klageinstans, medan 5 klager vart tatt til følgje. Av klagene som vart tatt til følgje vart 4 vedtak om å gje byggjeløyve oppheva, medan 1 vedtak om vart avslaget omgjort til eit byggjeløyve. Konsekvensane av at klager vert tatt til følgje er m.a. krav mot kommunen om attendebetaling av saksomkostningar.

Tilsyn.

Det er gjennomført tilsyn i 16 ulike saker, og 3 av tilsyna enda med stoppordre. Det vart til samanlikning utført 24 tilsyn i 2006 og 29 tilsyn i 2007.

Tema for tilsyna er mangelfull søknad og ettersyn av ansvarleg søkjar, manglande ferdigattest, ulovleg tiltak, m.m.

Delingssøknader.

Kvam herad mottok i alt 124 nye delingssøknader i 2008.

Gjennomsnittleg behandlingstid totalt er 19 dagar derav 3 dagar i snitt går til å vente på manglande papir.

NPB/FSK har behandla 26 delingssaker. 22 av delingssakene vart behandla etter § 7 i pb-lov om dispensasjon frå plan. 2 vart behandla etter § 17-2 dispensasjon frå byggeforbodet i 100 sonen lang sjøen.

Rådmannen handsama om lag 110 delingssaker på fullmakt. 3 galdt seksjonering, 86 frådeling av bygge-/-vegparcellar og øvrige saker galdt andre føremål.

	Bustadføremål	Fritidsføremål	Tilleggsareal	Anna
NPB/FSK	14	3	9	
Rådmannen	40	49	3	18

Det er motteke 4 klagar på delingssaker i 2008. To er påklaga av Fylkesmannen, som har vunne fram med ei av klagene i strandsonen. Øvrige klagar er avvist av klageinstans.

Prosjekt.

Skredsikring av Gartveit er eit stort prosjekt einingar har jobba mykje med i 2008. Vi har fått til eit internkommunalt samarbeid på fagområdet skredkartlegging.

3. Endring av aktivitetar

Nye reglar om sakshandsaming, ansvar, kontroll, sanksjoner og den reviderte tekniske forskrifta samt nye energikrav vil endre handsaming av søknad om løyve til tiltak i noko grad. Opplæring vil vere knytta til dei nye bestemmelsane i pb-lova. Det er venta at den nye byggesaks delen av pb-lova, som er under revisjon, vert gjort gjeldande i 2010. Antatt behov 50 000 kr for tilstrekkeleg opplæring i 2010.

Oppfølging av ulovleg byggearbeid/Tilsyn:

Auka ressursar til arbeid med tilsyn og oppfølging av ulovleg byggearbeid og tilsyn. Antatt behov minimum 0,5 årsverk i tillegg til det kommunen rår over i 2009. Aktuelt med interkommunalt samarbeid.

Fokus på effektivisering av mottakskontroll, sakshandsaming og slutføring av byggesaker. Viktig tiltak er etablering av digitalt planregister, samt oversikt over alle reguleringsendringer, dispensasjoner m.m.

Fokus på om gebyrreglementet for denne funksjonen tilfredsstillende sjølvkostprinsippet. Gebyrlegge tenestene som omfattar handsaming av søknad om tilkopling til offentleg VA system.

PROSJEKT

Videreføre Skredfareprosjektet som eit interkommunalt samarbeid. Antatt behov 300 000 kr. I 2 år.

Videreføre metode- og kartleggingsprosjekt , for å få oversikt over skredfaren i Kvam herad.

Funksjon 303 Kart og oppmåling

Funksjonen har 3 tenester;

30300 Kart og delingsforretning

30301 Oppmåling

30302 Utvikling og vedlikehold av geodata.

Økonomi – funksjon 303 – Kart og oppmåling

Postar	R-07	R-08	B-09	Endring 2008/2009
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	2 133	2 024	1 860	-8,1 %
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	<i>1 592</i>	<i>1 398</i>	<i>1 327</i>	<i>-5,1 %</i>
Varer og tenester til egenproduksjon	857	714	926	29,6 %
Tenester som erstatter egenproduksjon	6	7	0	-100,0 %
Overføringer til andre	96	62	113	81,4 %
Finansutgifter	226	196	225	
Sum utgifter	3 317	3 002	3 124	4,0 %
Salsinntekter	-931	-793	-880	11,0 %
Overføringer med krav til motytelse	-390	-269	-290	7,7 %
Finansinntekter	-80	0	0	
Sum inntekter	-1 400	-1 062	-1 170	10,2 %
Netto utgiftsramme	1 917	1 940	1 953	0,7 %
Sum løn i høve sum utgifter	64,3 %	67,4 %	59,5 %	

(Sjå tabellen over for heile funksjonen.)

Teneste 30300 Kart og delingsforretning

1. Økonomi

Postar	R-07	R-08	B-09	Endring 2008/2009
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	1 206	1 410	1 288	-8,7 %
herav fast løn (konto 10100)	901	972	907	-6,7 %
Varer og tenester til egenproduksjon	398	593	460	-22,4 %
Tenester som erstattar eigenproduksjon	6	7	0	-100,0 %
Overføringar til andre	13	33	9	-72,6 %
Finansutgifter	1	1	30	
Sum utgifter	1 623	2 043	1 787	-12,6 %
Salsinntekter	-921	-783	-850	8,6 %
Overføringer med krav til motytelse	-307	-236	-178	-24,5 %
Finansinntekter	-80	0	0	
Sum inntekter	-1 307	-1 018	-1 028	1,0 %
Netto utgiftsramme	316	1 025	759	-26,0 %
Sum løn i høve sum utgifter	74,3 %	69,0 %	72,1 %	

Kommentar: Sjå kommentar under tabell for heile funksjonen

2. Aktivitet

Det vart utført om lag 110 kart og delingsforretningar i 2008.

Ny matrikkellov gjort gjeldande for den delen av lova som gjeld etablering og bruk av det nye landsomfattande registeret for grunn, adresse og bygning – matrikkelen. Kvam etablerte matrikkelen mai 2008. Matrikkelen erstattar det tidlegare GAB - registeret og digitalt eigedomskart (DEK). Åtte tilsette gjennomførte matrikkelkurs, og kan dermed jobbe med å matrikulere opplysningar Kvam herad er pliktig å registrere etter matrikkellova.

3. Endring av aktivitetar

Delingslova går ut og vert heilt erstatta av matrikkellova.

Opplæring knytt til endringar som følgje av nye definisjonar av eigedom i matrikkellova. antatt behov for opplæring ca 50 000 kr.

Nye definisjonar av eigedomar er viktig opplæringstema, for å kunne gjennomføre kart og delingsforretningar effektivt og korrekt.

Teneste 30301 Oppmåling

1. Økonomi

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon) <i>herav fast løn (konto 10100)</i>	24 <i>19</i>	46 <i>0</i>	0 <i>0</i>
Varer og tenester til eigenproduksjon	7	-0	63
Overføringer til andre	1	0	15
Finansutgifter	77	77	77
Sum utgifter	108	123	155
Overføringer med krav til motytelse	-1	0	-15
Sum inntekter	-1	0	-15
Netto utgiftsramme	108	123	141
Sum løn i høve sum utgifter	22,0 %	37,4 %	

Kommentar: Sjå kommentar under tabell for heile funksjonen

2. Aktivitet

Oppmåling inngår som del av kart- og delingsforretningar, og som ein vesentleg del av arbeidet planavdelinga gjer for VA - avdelinga i Kvam herad. Mindretalet av oppmålingsoppdraga er knytt til eksterne oppdrag for lokale bedrifter, bistand til plan- og byggesaksavdelinga m.m..

Kvam herad eig og driftar ein fast basestasjon frå rådhusetaket. Basestasjonen inngår som ein del av Leica sitt speidar –nett på Vestlandet. Alle som bruker Leica sin GPS teknologi bruker Speidarnettverket, og Kvam herad har fri bruk som følge av vårt eigarskap. Kvam kraftverk leiger basestasjonen dirkete av Kvam herad.

3. Endring av aktivitetar

GPS500 vart erstatta for 4 år sidan av GNSS System1200, og snart skal ny programvare PRN32 lastast inn i dei nyare modellane GPS 1200.

I forbindelse med dette må Kvam herad vurdere å oppgradere GPS utstyret til GPS1200+. GPS1200+ støtter alle de nye GNSS - systema, og er eit stort Pluss for ein såpass lang og kronglete kommune som Kvam.

Antatt behov kr 200.000.

Teneste 30302 Utvikling og vedlikehold av geodata

1. Økonomi

Postar	R-07	R-08	B-09	Endring 2008/2009
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	903	568	568	0,0 %
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	<i>672</i>	<i>426</i>	<i>417</i>	<i>-2,1 %</i>
Varer og tenester til egenproduksjon	453	122	403	231,1 %
Overføringer til andre	82	29	89	204,8 %
Finansutgifter	147	118	118	
Sum utgifter	1 586	836	1 177	40,8 %
Salsinntekter	-10	-10	-30	200,0 %
Overføringer med krav til motytelse	-82	-34	-98	190,9 %
Sum inntekter	-92	-44	-128	193,0 %
Netto utgiftsramme	1 493	793	1 049	32,4 %
Sum løn i høve sum utgifter	57,0 %	67,9 %	48,2 %	

Kommentar: Sjå kommentar undert tabell for heile funksjonen

2. Aktivitet

Geodataavdelinga forvalter samla eit digitalt ledningsnettverk på 454 km / 8417 VA-punkt/ 2012 VA-vedlegg (skisser,bilete). Samanlikna med talet i fjor har me kartlagt ca 70 km VA-ledning, som ei ei auke på 18 %.

Geodataavdelinga kartla i samsvar med plan for omløpskartlegging vedlikehold av FKB – kartdata for Kvamskogen i 2008. Nye ortofoto/flybilde med høg oppløysing (M 1:8000). Kartleggingsarbeidet er organisert gjennom GEOVEKST-samarbeidet, som gir oss i gjennomsnitt ca.3 kroner tilbake for kvar investert krone.

Stort skippertak for å ajourføre digitalt eigedomskart og GAB - registeret før overgang til matrikkel i mai 2008.

Det vart kjøpt skråfoto frå Eide plan og foto as i 2009. Skråfoto er tatt i 2008 og 2007, og dekkar bebygde deler av Kvam.

EIGEDOM.

Politikkarane handsama tre saker om kjøp av grunn i 2008.

Innløysing av grunn til g/s-veg på Tangerås.

Tilleggsareal til Hardanger Fartøyvernssenter - Omdisponering av midlar.

Kjøp av gnr 43 bnr 22 i Kvam herad

Tilbod om kjøp av kaianlegg på Kaldestad, gnr 10 bnr 97.

Innløysing av parsell frå gnr. 95, bnr. 2 i Kvam - Ljonesvågen.

Rådmannen har jobba med omlag 70 ulike saker. Hovudtyngden av sakene går ut på å utforma avtalar for ulike føremål og å følge opp skjønnsutmålingar. Ein har arbeidd med fleire vegsaker, og gitt merknader til nabovarsel og evt fråsegn til søknader om å dispensere frå plan.

INFORMASJON.

Kvam herad nyttar INFOland for distribusjon og sal av eigedoms- og planinformasjon m.m. Det er få tilfelle der leveringstida går ut over 5 dagars fristen sett i INFOland. Webinnsyn er kobla til infoland slik at kven som helst kan gå inn å få levert digitale kartfiler etter 5 – 10 min.

I tillegg til INFOland leveransar har ein sendt ut om lag 150 ulike andre brev med kopi av plan og eigedomsinformasjon m.m.

3. Endring av aktivitetar

Geodataproduksjon – meir foto, større kartleggingsområde.

PB_lova krev at kommunae opprettheld ein solid geodataproduksjon, og antatt behov i Kvam herad er 200 000 kr pr år.

Sidan prisen for vedlikehald av geodata er lågare enn ved nyetablering, kan Kvam herad slå saman kartleggingsområda til to større områder, som fotograferer henholdsvis kvart 4 og kvart 8. år. Lågare vedlikehaldspris opnar derfor opp for auka innkjøp av vertikal og skråfoto, som er veldig effektiviserande for saksbehandling, visualisering for politikkarar, innbyggjarar, uttaleinstanser, etc,

Krav om innmåling av nye bygg og tiltak.

Kvam herad vil krevje innmålt nye bygg og tiltak, og innarbeide dette i det digitalt kartgrunlaget.

Alle som får byggjeløyve må bruke GPS eller liknande for å bestemme plassering av godkjende tiltak, og leverer inn koordinatane til kommunen. Dette vil redusere alderen på våre digitale basiskart. I dag tar det 4 – 8 år før nye bygg etc kjem med på basiskartet. Ny rutine vil redusere produksjonstida til maksimalt 2 år då desse datasetta vil bli sendt inn til kartverket i forbindelse med den periodiske ajourføringa av basiskartet.

Digitale plandata.

Produsere alle nye reguleringsplanar digitalt i SOSI format, EUREF89 og lokalt høgdemodell. Implementere digitalt planregister med webinnsyn, INFOland, Noreg digitalt og slik betre distribusjon og inntekter av plandata.

Digital effektivisering.

Auka fokus på effektiviseringsgevinsten av å ha digitale fagdata i våre moderne fagsystem som KOMTEK, Gemini Varsling, Gemini VA, Gemini Oppmåling, winmap, webinnsyn m.fl.

Eigedom.

Oppretthalde kapasiteten og helst auke ressusane til eigedomsforvaltning og-handtering. Antatt behov 0,5 årsverk (juristfagleg/jordskiftefagleg kompetanse).